

Stappfullt, og rungande allsong!

30.07.2016



Med den store tilstrøyminga var det lurt å bruka berre stolar i deler av lokalet.

Laurdag ettermiddag vart allsongen tatt mot nye høgder under Allsong ved sjøkanten på Oska. Alt ein halv time før det starta, var det byrja å fyllast godt opp i lokalet. Då første strofe vart sungen, var publikumstalet passert hundre. Mange uskedelingar var på plass. I tillegg var det gledeleg god tilstrøyming frå nabobygdene, og av feriegjester.

Trubadurtrioen Hans Gustav Mussland, Reidar Myklebust og Kristian Bringedal var som vanleg i god form. Dei tre utfyller kvarandre godt, og saman skaper dei alltid god og uhøgtideleg stemning. Denne gongen opna dei med ei slageravdeling, med velkende klassikarar frå 60 og 70-talet. Songglede og volum var det beste bevis på at dette slo godt an!

For at dei som gjekk glipp av den gode stunda, også skal kunna mimra, repeterer vi songlista:

- Nidelven
- La oss leve for hverandre
- Sønnavindsvalsen
- Sjømann
- Møllerens Iren
- Zansibar
- Marina
- Mari, du bedåre
- Frøken Johansen og jeg
- Høyt over fjellet.

Etter at desse var sungne, var det tid for kaffi og kaker. Roy Lervåg og staben hans serverte herleg eplekake og gulrotkake til kaffien. Imponerande at dei hadde bakt nok med den publikumstilstrøyminga som var.



I pausen kosa folk seg med kaffi og kaker!

Nord-Norge har fostra mange store visekunstnarar som har gjeve oss ein stor bukett nydelege songar. Andre avdeling var samansett frå denne skatten.

- Kor e hammaren Edvard
- Ellinors vise
- Kjærlighetsvisa
- Kom sommarvinj
- Hurtigrutesong(av J. Kleppvik)
- Det hainnle om å leve
- Nordlands netter

Etter ein time og tre kvarter var heile lista sungen, men folk ville syngja meir. Første ekstranummer var publikumønsket La oss leve for hverandre. Det passa godt. Vi lever verkeleg saman under songstundene på Oska! Men treng dette berre vera om sommaren? Publikum set i alle fall stor pris på det!



Trubadurane Kristian Bringedal(f.v.), Reidar Myklebust og Hans Gustav Mussland

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland